

## AREALET AUST FOR LAUVDALSVEGEN I HØVE VILLREINEN I NORDFJELLA.

Korvidt området aust for vegen Leveld/ Hemsedal har vore nytta av villreinen i Nordfjella, heftar det ingen tvil om. Dyregraver i Fossebræa, Lauvdalsbræa, Søre Fossedalen, Storefjellsbotn mot Hemsedal og på Såta si historie. Like eins stadnamn som Reinsbottane og Reinsbotttjødnet. Dei kjende , gamle buplassane til fangstkulturane langs Gyrynosvatnet/ Flævatnet ligg trast vestom dette fjellområdet.

Munnlege kjelder fortel om reinsflokkar austover i dette området rundt førre hundreårskiftet. Ein eldre mann kunne fortelja at då slåttefolket kom på stølane for å slå høyet seinsumars, var dei oppe i Såtebottane og skaut seg ein " matrein". Som ein kuriositet vil me tilføye at frå toppen av Såta, ser ein rett ned i Hemsedal sentrum!!

Nokre år på 1950-talet, vart det, trass at reinstamma var svært lita etter 2.verdskrig, jakta godt på Reineskarvet.( kjelde : Ola Feten Leveld, tidlegare leiar i Grunneigarlaget for villreinvald i Ål).

Me nemner dette innleiingsvis for å poengtere at området, historisk sett, har vore nytta av villrein.Reinen har opp gjennom tidene bruka området som ein del av beitesyklusen. Sporadiske trekk, hadde ikkje vore opphav til fangsanlegg og stadnamn!!

Dei austlege fjellområda i Ål, er rike på lav og mose. Her har reinen eit godt vinterbeite. I vår tid , dvs. etter førre århundreskifte, kan det synast som villreinstamma har vore lita, sett i høve til beitetilgangen. Dette førde til at reinen i lange bolkar nytta dei mest sentrale områda for å livnæra seg.

I midtre del av 1970-åra, auka Nordfjellstamma. Dette skuldast mange tilhøve , retta avskyting er sannsynleg ei av årsakene. Det same var tilfelle på Hardangervidda. Reinen der var på leiting etter mat og me fekk den mykje omtala " viddainvasjonen". Store dyreflokkar trekte austover i ålingsfjella. I åra 1980, 81 og 82, stod 3- 5000 dyr aust for Lauvdalsvegen. ( kjelde: Trygve Haug, mangeårig leiar av Ål Fjellstyre). Det var intressant å sjå korleis reinen følgde dei gamle trekkrutene reinen alltid hadde brukt. Dette synte at forfedrane sine dyregraver var plassert utifrå godt kjennskap om dyra dei skulle veide. Då dyra drog attende, var området totalt nedbeita. Det som før hadde vore lavkledd haugar og gode vinterbeite, var no svarte moldhaugar. Trass eit nedbeita område, vart det likevel observert dyr tid om anna i fjellområdet her. Bukkeflokkar på leit etter groe om vårane heilt aust til Hellebu var ikkje uvanleg. Den sist observerte fostringsflokken austa Lauvdalsvegen vinterstid, var i 1994. I jakta 1996, vart det skote dyr av ein flokk som kom vestover frå dette området. ( Kjelde: Ola Feten) Den sist sette bukkeflokken var i 1997. Deretter kom ei periode då reinen nytta Lærdal- og Hemsedalsfjella. Etter dette var dei mest i Aurlandsfjella. Dei seindre åra har hovudtyngda drege seg nord og austover att .

Skal ein tidfeste beitesyklusen til villreinen, er sannsynleg 20 år det kortaste ein bør tenkja. Sannsynleg er 30 år meir rett??! Utifrå denne kunnskapen , vil ein kunne tru at området me omtalar vil bli nytta av reinen med det fyrste?!

Lav og mose veks som kjent seint, og fyrst no, godt 30 år etter, er lavmattene på det nivået dei var før " viddainvasjonen". Det var difor intressant at 4. september 2011, kom ein reinsflokk på ca 450 dyr ned mot Lauvdalsvegen. Dette var i jakttida. Dyra vart jakta på og slo oppatt på Reineskarvet, som villrein alltid gjer når den vert skremd. Her var ingen gps- merkte dyr, men seinare på hausten

kom ein flokk av same storleik attende. I denne var eit radiomerkt dyr. Då Lauvdalsvegen enno var open og traffikert, grunna lite snø, kryssa ikkje dyra denne. Utifrå tidlegare røynsle, ville desse dyra høgst sannsynleg ha trekt søraust til Hengshovdene. Her er no vorte fine lavmatter att, etter at dei var aldeles nedbeitt på 1980- talet. Under " viddainvasjonen" , var Hengshovda eit mykje nytta område av reinen. Siste flokk som vart jakta på her, var i 1991. ( Kjelde : Ola Feten). Ein vil understeka at Hengshovdene diverre ligg utanfor det området som har status som leveområde for villrein i den noverande , interkommunale villreinplanen. I sitt innspel til den regionale villreinplanen bemerka Grunneigarlaget for villreinvalid i Ål, at nett dette området burde aller helst ha fått status som villreinområde i den komande , regionale villreinplan. Ein har ovanfor grunngjeve kvifor.

Fjellområda aust for Lauvdalsvegen har fått att dei frodige lavmattene som området hadde tidlegare. Området er stort i omfang. Det er lite berørt av menneskeleg aktivitet den tida av året som villreinen vil nytta det. Me tenkjer då på tida oktober - februar. I og med at det er vinterbeite som er den mest kritiske faktoren for reinen, vil tilgangen til desse områda vera svært viktig. Dersom reinen i framtida skal kunne nytte dei gode vinterbeita aust for Lauvdalsvegen krev dette at ein styrer den menneskelege aktiviteten med tanke på reinen.

Med dette skrivet vil me peike på at området aust for Lauvdalsvegen i Ål har vore, og kjem til å bli, eit viktig område for reinen. Som dei fleste andre områda i villrein fjellet vil det verta nytta mykje ein periode, for så å " kvile" ein del år slik at beite tek seg oppatt. Dersom reinen skal kunne halde på denne urgamle, naturgjevne måten å nytta beita på, krev det ei samfunnsplanlegging som tek omsyn til reinen både dei åra han er der, og dei åra han nyttar andre fjell.

Ved å gje områda aust for Lauvdalsvegen status som " turistområde" har ein for all framtid rykka eit langt steg innover i reinen sitt leveområde.

For Grunneigarlaget for villreinvalid i Ål

Sigmund Tveitehagen.